



Arkivnr: 2014/560-379

Saksbehandlar: Silje Lyngstad

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval		11.01.2019

Rekneskap for 2018 og budsjett for 2019

Samandrag

Ungdommens fylkesutval skal presentere rekneskapet for 2018 for Ungdommens fylkesting 15.-17. februar. Ungdommens fylkesutval må og innstille eit budsjett for 2019 for Ungdommens fylkesting til same tid.

Det kan sjå ut som om rekneskapet for Ungdommens fylkesting 2018 kan vere noko mangelfullt. Nokre fakturaer kan framleis kome inn, og administrasjonen driv framleis arbeid med å innhente kontingentane for Nettverkssamlinga 2018. Det er difor forventat at denne posten vil vere lågare enn p.t. Rekneskapet som er presentert i denne saka er per 20.12.2018.

Ein kan sjå at på dei fleste postane ein del avvik frå det som vart budsjettert for 2018. Det merkast særleg at post 01 Utvalsmøter kor det er eit minus på kr. 26 223. Dette skuldast eit helgemøte kor kostnadane blei mykje høgare enn anteke.

Ungdommens fylkesting hadde eit budsjett på kr. 310 000 frå Hordaland fylkeskommune i 2018. I 2019 er dette auka til 360 000 kr. Bakgrunnen for auka midlar i 2019 er søknad sendt inn frå UFU til administrasjonen om ekstra midlar i samband med helgemøter. Det er gjeve kr. 50 000 som kan brukas til godtgjersle for vaksne som stiller på helgemøte med UFU.

Under ligg administrasjonen sitt forslag til budsjett for 2019 saman med rekneskapet.

Administrasjonen har med den bakgrunn skissert ovanfor auka posten utvalsmøter med kr. 55 000. Sida det ikkje har vore særleg aktivitet på post 10033003 Kur og Konferansar reduserast denne med kr. 5000.

Faktiske utgifter og budsjett 2019 og budsjett 2019 ligg vedlagt.

Forslag til innstilling

Ungdommens fylkesting gjer slike vedtak:

1. Ungdommens fylkesting godkjenner rekneskapet for 2018.
2. Ungdommens fylkesting vedtek budsjett for Ungdommens fylkesting 2019 slik det vert presentert i saka.

Bertil Søfteland
leiar fylkessekretariatet

Silje Lyngstad
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.